

MOTTATT

29 FEB 2011

SPRÅKRÅDET

Merknader til  
revisjonen av nynorskrettskrivinga.

1. Året 2002 hadde mällaga ein debatt om normeringsframlegget.

2. Gjerstad mällag i Aust-Agder der eg er medlem, kom dessa byringspunkta fram:

1. "Læreboknormalen må ikkje vere smalare enn i dag"
  2. "Ordet Norge må gjerne inn i nynorsken"
  3. "Gammaldags nynorsk er tungt, - kan mjukaot opp noke"
  4. "Språket må vere lett forståelig"
- Ellers har laget bla. som mål å hjelpe fram det norske folkemålet.

Med denna bakgrunnen er mitt personlige innspel i debatten om ny rettskriving slik:

- Det må vere maulig å ha ei nynorsk norm til bruk i lærebøker og offentlig teneste, som au kan vere rettesnor for folk som har nynorsk som sidemål, utan å ta vekk andre former som er i daglig bruk i skrift og tale.
- Det norske folkemålet har mange dialektar, som alle har lik verdi. Idag er det mange som er interesserte i dialektar. Det er derfor viktig at dei fleste ord og former som finst i talemåla - både radikale og konservative - er tillatt å skrive etter gjeldandes rettskrivingsreglar. Dette meiner eg vil styrke nynorsken som brukesspråk, då samsvaret mellom nynorsk og talemål vil komme klarare fram.
- Systemet med hovud- og sideformer bør derfor ikkje falle ut.

Helsing Olav Hjeltnes  
Modalen, 4900 Tvedestrand.